

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5, samt synfaring på Hordaland teater,

Dato: 28.09.2016

Tidspunkt: 09:00-14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|--------------------------------|-----------|----------------|
| Kjell Gitton Håland | Leiar | A |
| Solbjørg Helen Krossli Marjala | Medlem | FL R/SV/SP/KRF |
| Harald Norheim | Medlem | SAFO |
| Kjell Søvik | Nestleiar | FFO |
| Inge Fiskvik | Medlem | FFO |
| Nina Murberg | Medlem | FFO |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|------------------|----------|---------------|
| Kirsten Syljeset | Medlem | H |

Frå administrasjonen møtte:

| Navn | Stilling |
|----------------------------|---------------------------------|
| Lise McMullin | Overingeniør, eigedomsavdelinga |
| Dag Aabrekk | Driftsleiar, eigedomsavdelinga |
| Målfrid Vik Sønstabø | Leiar skuleskyss, Skyss |
| Marthe Svellingen Pedersen | Rådgjevar, Skyss |

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|---|-------------------------|---------------|
| PS 25/16 | Godkjenning av møteinnkalling | | |
| PS 26/16 | Godkjenning av sakliste | | |
| PS 27/16 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 28/16 | Referatsak (meldingar) | | |
| RS 25/16 | Oversikt økonomi - per 13.09.2016 | 2014/558 | |
| RS 26/16 | Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 - pr. september | 2015/10845 | |
| RS 27/16 | Referat RMNF-AU - 29.08.2016 | 2014/558 | |
| RS 28/16 | Uttale til rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplan - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 2014/558 | |
| RS 29/16 | Stiftelsen SOR inviterer til landskonferanse i Oslo - 27. - 28. oktober 2016, Oslo kongressenter - Folkets hus | 2014/558 | |
| PS 29/16 | Konferansar hausten 2016 | 2014/558 | |
| PS 30/16 | Møteplan for 2017 | 2014/560 | |
| PS 31/16 | Temadag 2017 | 2014/558 | |
| PS 32/16 | Landskonferanse 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne på fylkesnivå | 2014/558 | |
| PS 33/16 | Budsjett 2017 - for Hordaland fylkeskommune og for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 2014/558 | |
| PS 34/16 | Ymse | | |

PS 25/16 Godkjenning av møteinkalling

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Vedtak

Møteinkallinga vart godkjent utan merknadar.

PS 26/16 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknadar.

PS 27/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Vedtak

Møteboka frå førre møte vart godkjent utan merknadar.

PS 28/16 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

RS 26/16 Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. september
Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne etterlyser status på arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne etterlyser status på arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering.»

Solbjørg Marjala, R, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om ei orientering angåande saka Arbeidskøyring i TT-ordninga som er planlagt skal opp til politisk handsaming 3. november i utval for miljø og samferdsel.»

Røysting

Marjala sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om ei orientering angående saka Arbeidskøyring i TT-ordninga som er planlagt skal opp til politisk handsaming 3. november i utval for miljø og samferdsel.

RS 25/16 Oversikt økonomi - per 13.09.2016

RS 26/16 Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 - pr. september

RS 27/16 Referat RMNF-AU - 29.08.2016

RS 28/16 Uttale til rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplan - fra rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 29/16 Stiftelsen SOR inviterer til landskonferanse i Oslo - 27. - 28. oktober 2016, Oslo kongressenter - Folkets hus

PS 29/16 Konferansar hausten 2016

Forslag til vedtak

Følgjande medlem deltek på:

1. SOR-konferansen:
2. Folkehelsekonferansen:
3. Nettverk for universell utforming og lokal kollektivtransport

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Følgjande medlem deltek på:

1. SOR-konferansen: Kjell Søvik, Harald Norheim og Nina Murberg.
2. Folkehelsekonferansen: Ingen deltek på denne konferansen.
3. Nettverk for universell utforming og lokal kollektivtransport: Kjell Søvik og Harald Norheim.
4. Plankonferansen 2016: 1. dag deltek Kjell Søvik, Harald Norheim og Inge Fiskvik. Dag 2 deltek Nina Murberg. Kjell Håland deltek begge dagar. Konferansen er open for alle rådsmedlemene, og alle meldar seg på sjølve.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande medlem deltek på:

1. SOR-konferansen: Kjell Søvik, Harald Norheim og Nina Murberg.
2. Folkehelsekonferansen: Ingen deltek på denne konferansen.
3. Nettverk for universell utforming og lokal kollektivtransport: Kjell Søvik og Harald Norheim.
4. Plankonferansen 2016: 1. dag deltek Kjell Søvik, Harald Norheim og Inge Fiskvik. Dag 2 deltek Nina Murberg. Kjell Håland deltek begge dagar. Konferansen er open for alle rådsmedlemene, og alle meldar seg på sjølve.

PS 30/16 Møteplan for 2017

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek møteplanen 2017 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter slik den føreligg.

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen 2017 for utvalet sine møter og Ungdommens fylkesting slik den føreligg.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 09.09.2016

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen 2017 for utvalet sine møter og Ungdommens fylkesting slik den føreligg.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Kjell Søvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek møteplanen 2017 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter med slike endringar:

Rådsmøte:

- Møtet 30. august vert flytt til 4. september.
- Møtet 1. november vert flytt til 23. oktober.

Arbeidsutval:

- Møtet 11. januar vert flytt til 6. januar.
- Møtet 15. mars vert flytt til 9. mars.
- Møtet 17. august vert flytt til 23. august.
- Møtet 11. oktober vert flytt til 2. oktober.»

Røysting

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek møteplanen 2017 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter med slike endringar:

Rådsmøte:

- Møtet 30. august vert flytt til 4. september.
- Møtet 1. november vert flytt til 23. oktober.

Arbeidsutval:

- Møtet 11. januar vert flytt til 6. januar.
- Møtet 15. mars vert flytt til 9. mars.
- Møtet 17. august vert flytt til 23. august.
- Møtet 11. oktober vert flytt til 2. oktober.

PS 31/16 Temadag 2017

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Dato for temadagen vert endra fra 28. mars til 27. mars.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å jobbe som programkomite og tek med seg innspela som kom i møtet. Skisse til program vert lagt fram på neste rådsmøte.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Dato for temadagen vert endra fra 28. mars til 27. mars.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å jobbe som programkomite og tek med seg innspela som kom i møtet. Skisse til program vert lagt fram på neste rådsmøte.

PS 32/16 Landskonferanse 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne på fylkesnivå

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland skal samarbeide med råda i Rogaland og Sogn og Fjordane om å arrangere landskonferansen for fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne i 2017. Det inkluderer økonomisk samarbeid.

Rådsmedlemene kom med innspel til tema i løpet møte og vil eventuelt sende ytterlegare innspel til tema til arbeidsutvalet eller til administrasjonen.

Alle rådsmedlemene vert oppmoda til å delta på landskonferansen 2017.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland skal samarbeide med råda i Rogaland og Sogn og Fjordane om å arrangere landskonferansen for fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne i 2017. Det inkluderer økonomisk samarbeid.

Rådsmedlemene kom med innspel til tema i løpet møte og vil eventuelt sende ytterlegare innspel til tema til arbeidsutvalet eller til administrasjonen.

Alle rådsmedlemene vert oppmoda til å delta på landskonferansen 2017.

PS 33/16 Budsjett 2017 - for Hordaland fylkeskommune og for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha særskilt fokus på midlar til universell utforming som skal vere gjennomført innan 2019 (status og kor finn ein summen i budsjettet), om endringane i skuleskyss vert reflektert i endringar i budsjettet til opplæringsavdelinga, rådet sitt eiga budsjett og tilskot til frivillige organisasjonar (som FFO og SAFO).»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha særskilt fokus på midlar til universell utforming som skal vere gjennomført innan 2019 (status og kor finn ein summen i budsjettet), om endringane i skuleskyss vert reflektert i endringar i budsjettet til opplæringsavdelinga, rådet sitt eiga budsjett og tilskot til frivillige organisasjonar (som FFO og SAFO).

PS 34/16 Ymse

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.09.2016

Eigedomsavdelinga ved Lise McMullin og Dag Aabrek orienterte om brannrutinar på fylkeshuset, og medlemane fekk prøvd seg på evakueringsstolen. Det vart avtalt å ha ein brannøving på neste rådsmøte.

Skyss ved Målfrid Vik Sørstabø og Marthe Svellingen Pedersen orienterte om endringar i skuleskyssordninga.

Inge Fiskvik, FFO, stilte spørsmål om svar angåande tidlegare førespurnad til samferdselsavdelinga om Skyss-app og tilgjengeleighet for synshemma. Administrasjonen svarte at førespurnad var sendt inn, men ikkje noko svar var motteke.

Inge Fiskvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Administrasjonen følgjer opp svar. Saka vert teke opp på neste rådsmøte som politisk sak.»

Røysting

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Administrasjonen følgjer opp svar. Saka vert teke opp på neste rådsmøte som politisk sak.

Inge Fiskvik, FFO, stilte spørsmål om Hordaland fylkeskommune si søknad om midlar til utvida TT-ordning.

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne understrekar overfor samferdselsavdelinga i fylkeskommunen at rådet må inn i bilete tidlegare ved ein eventuell neste søknadsprosess.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne understrekar overfor samferdselsavdelinga i fylkeskommunen at rådet må inn i bilete tidlegare ved ein eventuell neste søknadsprosess.

Inge Fiskvik, FFO, påpeikar at voice-over ikkje fungerer for epolitkar-appen og stillar spørsmål til kva vurderingar Hordaland fylkeskommune har gjort ved introduksjon av eit system som tydeleg ikkje er universelt tilgjengeleg (for blinde).

Inge Fiskvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om å få informasjon om kva vurderingar som er gjort i samband med universell utforming ved anskaffing av appen epolitkar.»

Røysting

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om å få informasjon om kva vurderingar som er gjort i samband med universell utforming ved anskaffing av appen epolitkar.

Nina Murberg, FFO, tek opp ei sak om dysleksivenleg skule som har vore handsama i Bergen kommune.

Nina Murberg, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland tek opp saka.»

Kjell Søvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland kjem med innspel til det kommunale rådet i Bergen at dysleksivenlege skular er ei sak dei bør sjå nærmere på.»

Murberg trakk forslaget sitt.

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om ei orientering om kva forholda i vidaregåande skule er når det gjeld dysleksivenleg skular.»

Røysting

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland kjem med innspel til det kommunale rådet i Bergen at dysleksivenlege skular er ei sak dei bør sjå nærmere på.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om ei orientering om kva forholda i vidaregåande skule er når det gjeld dysleksivenleg skular.